



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

# Prop. 21 S

(2009–2010)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

### Om auka låneramme i Husbanken

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 16. oktober 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

#### 1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet gjer framlegg om å auke låneramma til Husbanken i 2009.

#### 2 Bakgrunn

Låneramma i Husbanken er på 14 mrd. kr i 2009, etter ein auke på 2 mrd. kr i tiltakspakka som regjeringa la fram 26. januar 2009, jf. St.prp. nr. 37 (2008-2009) Om endringer i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid. Husbanken har ei viktig rolle i å halde aktiviteten i byggjenæringa oppe. Dette er fleire gonger understreka av byggjenæringa i samband med regjeringa sitt arbeid med tiltakspakka. Husbanken gir lån til barnehagar, startlån til vanskelegstilte på bustadmarknaden, samt grunnlån til oppføring av nye eller utbetring av brukte bustader. Bustader som får grunnlån må ha miljøkvalitetar og/eller vere universelt utforma, vere til sosiale føremål eller sikre bustadbygging i distrikta. Låna i Husbanken er derfor viktige for å sikre ei god bustadfordeling i heile landet og for å fremje kvalitetar som miljø og universell utforming.

I samband med den finanspolitiske tiltakspakka, jf. St.prp. nr. 37 (2008-2009), blei låneramma til Husbanken auka med 2 mrd. kr, frå 12 mrd. kr til 14 mrd. kr. Det var venta ein auke i etterspurnaden

etter alle husbanklån i starten av året, då problema i finansmarknaden var størst. Det vart lagt til grunn at denne auken etter kvart ville minke, når dei andre bankane fungerte betre. Låneramma vart derfor ikkje auka i Revidert budsjett 2009. I samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett bad fleirtalet i finanskomiteen regjeringa følgje utviklinga og kome tilbake til Stortinget om naudsynt, jf. Innst. S. nr. 355 (2008-2009).

#### 3 Låneverksemda i Husbanken i 2009

Etterspurnaden etter alle husbanklån var som venta stor tidleg i 2009. Det har i løpet av sommaren vist seg at den høge aktiviteten ikkje har minka, og at det framleis er stor etterspurnad etter husbankfinansiering. Kommunane vidareformidlar òg meir startlån enn i tidlegare år.

Kommunane har i 2009 lånt nær 4,1 mrd. kr i startlån av Husbanken, ein auke på om lag 680 mill. kr jamført med 2008. Fleire utbyggjarar enn før har tilpassa seg krava til grunnlån, og har prosjekt med kvalitetar som miljø og universell utforming. I løpet av dei åtte første månadene har Husbanken motteke søknader om grunnlån til oppføring av til saman 6700 bustader, ein auke på 3300 bustader jamført med same periode i 2008. Mange som flytta inn i sjøiveigde bustader takka tidlegare nei til hus-

banklånet som det var gitt tilsegn om, og valde i staden finansiering i ein annan bank. No velgjer langt fleire husbankfinansiering.

Per 15. september 2009 er 87 pst. av låneramma brukt opp. For at Husbanken skal kunne halde aktiviteten oppe på om lag same nivå som hittil i 2009, og ikkje gå tom for utlånsmidlar, gjer regjeringa framlegg om å auke låneramma i Husbanken med 2 mrd. kr i 2009.

#### **4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Det blir gjort framlegg om at låneramma til Husbanken blir auka med 2 mrd. kr i 2009, frå 14 mrd. kr til 16 mrd. kr, jf. framlegg til romartalsvedtak.

Sidan auken i låneramma vil skje mot slutten av 2009, vil berre ein mindre del av låna kome til utbetaling i år. I utrekninga er det lagt til grunn at  $\frac{1}{24}$  av auken i låneramma kjem til utbetaling i 2009. Det er på bakgrunn av det behov for å auke løyvinga på kapittel 2412, post 90 Lån til Husbanken med 83 mill. kr i 2009, jf. framlegg i kapittel 5. Auka låneramme i 2009 gir inga endring på kapittel 5312 post 90 Avdrag og kapittel 5615 post 80 Renter i 2009. Det kjem av at sjølv om det blir gitt tilsegn om lån i 2009, vil berre ein mindre del av låna kome til utbetaling i 2009. Det vil derfor ikkje samle seg opp renter og avdrag før i 2010 og seinare år.

I 2010 vil framlegget derimot gjere det naudsynt med auka løyvingar både på kapittel 2412 post 90, kapittel 5312 post 90 og kapittel 5615 post 80. Auken i låneramma vil òg kunne føre til ein auke i tapa i åra framover. Regjeringa vil på ein eigna måte kome tilbake til Stortinget med framlegg om endringar i statsbudsjettet for 2010.

Det blir ingen administrative konsekvensar av auken.

#### **5 Framlegg om endringar**

Regjeringa gjer framlegg om å auke låneramma i Husbanken med 2 mrd. kr i 2009, frå 14 mrd. kr til 16 mrd. kr, jf. framlegg om endra løyving og framlegg til romartalsvedtak.

#### **Kap. 2412 Den norske stats husbank**

##### *Post 90 Lån til Husbanken, overslagsløyving*

Løyvinga på kapittel 2412 post 90 er knytta til Husbanken sitt brutto finansieringsbehov i samband med utlånsverksemda, det vil seie utbetaling av nye lån og rentestønad. Utbetalningar av lån er i statsbudsjettet for 2009 budsjettert til 11 082 mill. kr.

På bakgrunn av framlegget om å auke låneramma til 16 mrd. kr i 2009, gjer regjeringa framlegg om å auke løyvinga på posten med 83 mill. kr, slik at samla løyving på posten blir 11 165 mill. kr i 2009.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om auka låneramme i Husbanken.

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om auka låneramme i Husbanken i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag**

### **til vedtak om auka låneramme i Husbanken**

#### **I**

I statsbudsjettet for 2009 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Føremål                                                                                                         | Kroner     |
|------|------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 2412 |      | Den norske stats husbank                                                                                        |            |
|      | 90   | Lån til Husbanken, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....<br>frå kr 11 082 000 000 til kr 11 165 000 000 | 83 000 000 |

#### **II**

Stortinget samtykkjer i at Husbanken i 2009 kan gi tilsegn om lån for 16 mrd. kr. Låna vil bli utbetalt i 2009 og seinare år.

---

---



Tryk: A/S O. Fredt, Århus, Oktober 2009